



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Samordningsprosjektet  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:  
2013/092728-008

Dykkar referanse:  
14/332 - 15/4555

Vår dato:  
29.05.2015

### Uttale til offentlig ettersyn - Plansak 12602012000900 - Bøvågen områdeplan - Radøy kommune

Statens vegvesen viser til områdeplan for Bøvågen som er ute til offentlig ettersyn. Vi viser også til vår uttale til oppstart av planarbeidet datert 30.09.2013 og til synfaring.

Føremålet med planarbeidet er i følge planskildringa å legge til rette for ny busetnad og aktivitet i tråd med kommuneplanen og å samle og erstatte eldre reguleringsplanar innanfor planområdet.

#### Generelle tilbakemeldingar:

Radøy kommune har gjort eit grundig arbeid med denne planen. Planskildring og føresegner er oversiktlege og ryddige. Plankartet er for ein stor del godt merka med ulike planføremål og avstandsmål.

Vi har motsegn til planen som går på trafikktryggleik for skulevegen og regulering av fylkesvegen med sideareal. Motsegnene vert skildra under dei aktuelle punkta i dette brevet.

Vi har elles nokre kommentarar til detaljar i kartet og til dei grepa som er gjort for å få Bøvågen til å framstå meir som eit sentrumsområde. Vi har og nokre kritiske merknader til mellom anna utforming av miljøgate og overgang frå vanleg veg til miljøgate, breidde på fortau og byggegrense mot veg.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

#### Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Av statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging går det mellom anna fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet*»

#### **Merknader:**

##### Vegteikningar - breidder og sikringssoner

Statens vegvesen har tidlegare informert kommunane om at vi ønskjer at det vert sendt inn vegteikningar, helst før første gongs offentleg ettersyn. Bakgrunnen for det er at det ikkje er muleg for oss å vurdere om arealtrongen for veg og tiltak langs veg er i varetatt berre ut frå eit plankart. Mellom anna fordi det ikkje kjem fram av plankartet om det er trong for skjeringar eller fyllingar som krev meir areal enn det som er standardkrav etter vegnormalane. Vi ber om at det vert sendt oss før andre gongs handsaming av planen. Før vi får vegteikningar har vi følgjande innspel, under føresetnad av at tiltaket i planen ikkje krev meir areal enn det som plankartet viser. Dette gjeld særleg dei to siste punkta:

- Annan veggrunn skal ikkje vere smalare enn 3 meter langs vegen. Langs fortau skal annan veggrunn vere minst 1,5 meter.
- Breidda på fortau er i planen vist med 2,5 meters breidde. Vi meiner 2,5 meter er for smalt ettersom fortauet skal brukast av både syklande og gåande. Ettersom dette er skuleveg der borna både går og sykklar til skulen meiner vi fortauet/gangveg må vere minst 3 meter, helst bør det vere 4,5 meter breitt. I planskildringa på side 33 står det at det er lagt inn gang- og sykkelveg men i plankartet er det berre lagt inn gangveg og fortau jf. teiknforklaringa og føresegnene. Det må vere samsvar mellom plankart og føresegner.
- Det må og leggest inn sikringssone i plankartet. Sikringssona vil for ein stor del overlape annan veggrunn.
- Det må leggest inn ei sone som viser midlertidig anleggsbelte for fylkesvegen. Det skal leggest som eit *bestemmelsesområde* i planen. Denne sone er berre gjeldande til vegen er ferdig opparbeidd.

##### Byggegrense langs veg:

Det er lagt inn byggegrense mot veg på 15 meter. Vi skreiv i vår uttale til oppstarten at ein burde ha ei byggegrense på 30 meter langs fylkesvegen, jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesveg (2013-2016)*. Ettersom kommunen no har planlagt miljøgate for store delar av fylkesvegen som inngår i planområdet kan vi akseptere ein byggegrense på 15 meter.

Vi har motsegn til at parkeringsplassen til barnehagen o\_P06 er lagt innanfor byggjegrensa på 15 meter. Grunngevinga vår er omsynet til trafikktryggleiken ved skulen og barnehagen, og vår trong for areal i samband med opprusting/utbetring av veg.

Kryss/avkøyrsler:

Radier på avkøyrsler og kryss bør først på kartet eller leggst inn i føresegnene. Vi viser elles til vår uttalt til oppstart datert 30.09.2013 der vi har påpeikt at fortau skal trekkast 5 meter inn på primærvegen for å hindre at bilar blokkerer kryssingspunktet for gåande og syklande, og for å betre trafikkavviklinga.

Vi har motsegn til kryssingspunkt som ikkje har vist tilbaketrekt gangveg/fortau. Dette er skuleveg, og det er særleg viktig med trafikksikre kryssingar for mjuke trafikkantar.

Miljøgate:

Vi saknar ei nærare skildring av korleis kommunen ønskjer å utforme miljøgate for dei to vegstrekningane som er sett av til dette i planen, det vil seie 1: vegen ned gjennom areal med sentrumsføremål ned til kai med småbåthamn og 2: vegstrekning mellom avkøyrsla til BB01 og BK04 i sør og til og med avkøyrsla ved skulen. Plankartet viser ingen forskjell på vanleg køyreveg og miljøgate. Vegstrekning 1 er ei rett strekning som har lite som hindrar eller motverkar høg fart. For å gjere trafikktryggleiken betre kan det planleggast gang- og sykkelveg med grøn rabatt mellom gnag- og sykkelveg og køyrebana. Det er klart at det ikkje er føremålstenleg å planlegge miljøgata i detalj i reguleringsplanen, men det bør kome fram kva tiltak kommunen ser for seg.

Statens vegvesen er oppteken av både trafikktryggleik og vegen sin transportfunksjon, og at miljøgata må ha med seg begge desse omsyna.

Vi deltar gjerne i eit dialogmøte med kommunen om denne planen.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen  
Med helsing



Olav Finne  
avdelingsdirektør



Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kopi: Radøy kommune  
Hordaland fylkeskommune

